



## SAKSFRAMLEGG

|   |                          |
|---|--------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b> Ragnhild Lønningdal | <b>Arkivkode:</b> FE-140 |
| <b>Arkivsaksnr:</b> 19/145                | <b>Løpenr:</b> 19/2649   |
| <b>Sakstype:</b> Politisk sak             |                          |

### SAKSGANG

| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato   | Saksnr   |
|---------------------------|------------|----------|
| Naturutvalet              | 09.04.2019 | 006/2019 |

## Uttale til Fusa kommune sin kommunedelplan for akvakultur i sjø

### 09.04.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### NAT- 006/2019 Vedtak:

Samnanger kommune meiner at Fusa kommune sin KDP akvakultur er godt utgreidd og gjennomarbeidd, og at det er gjort smarte grep med tanke på utnyttingsgrad for eksisterande akvakulturareal og kombinert føremål akvakultur/ferdsel/fiske med føresegner om «*akseptable verknadar for samfunns-, natur- og miljøtilhøve*» for nye areal.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune meiner at Fusa kommune sin KDP akvakultur er godt utgreidd og gjennomarbeidd, og at det er gjort smarte grep med tanke på utnyttingsgrad for eksisterande akvakulturareal og kombinert føremål akvakultur/ferdsel/fiske med føresegner om «*akseptable verknadar for samfunns-, natur- og miljøtilhøve*» for nye areal.

### Dokument som ikkje er vedlagt:

Høyringsdokument:

- [Saksutgreiing](#)
- [Plankart](#) 05.11.2018
- [Føresegner og retningsliner](#) 05.12.2018
- [Planomtale](#) 06.12.2018
  
- [Konsekvensutgreiing \(KU\) og risiko- og sårbarheitsanalyse \(ROS-analyse\)](#) 06.12.2018


### Kva saka gjeld:

Fusa kommune har kunngjort offentleg ettersyn av kommunedelplan for akvakultur 2019-2027, med høyringsfrist 29. mars. Planmaterialet er lagt ut til offentleg ettersyn på [Fusa kommune sine](#)

[nettsider.](#) Me har fått utsett frist for uttale til 12. april 2019 for å kunna handsama planen i naturutvalet.

### Vurderingar og konsekvensar:

Kommunedelplanen legg til rette for utviding/utvikling av eksisterande akvakulturlokalitetar, og opnar for fem nye lokalitetar, men for dei nye lokalitetane er det ein føresetnad at søknad om produksjonsløyve (konsesjon) syner at ein kan oppnå akseptable verknadar for samfunns-, natur- og miljøtilhøve. Døme på dette kan vera lukka anlegg, eller annan liknande teknologi. Eitt slikt akvakulturområde ligg i Samnangerfjorden, om lag 1 km frå Solbjørg i Samnanger. I Fusa kommune sin gjeldande arealplan er det sett av eit mykje større område i Samnangerfjorden; eit område som strekk seg frå Børøya til sør-vest-spissen av Samnøy (Boga). Sjå figur 1 for kartillustrasjonar. Samnanger kommune meiner at denne reduksjonen i areal og krav om akseptable miljøtilhøve er eit godt grep, og ein føresetnad for å akseptera meir akvakultur i Samnangerfjorden. Fjorden er ein terskelfjord med grunne tersklar, og opphaldstida for botnvatnet er klassifisert som moderat (veker).



Figur 1. Kart som syner utsnitt av ytre Samnangerfjorden, med framlegg til nytt areal for kombinert føremål akvakultur/ferdsel VKA3. Utklipp frå konsekvensutgreiinga, med Samnanger kommune sin

sakshandsamar sine påskrifter.

Samnanger kommune meiner at Fusa kommune sin KDP akvakultur er godt utgreidd og gjennomarbeidd. Det er funne gode løysingar med å bruka føresegner om utnyttingsgrad for eksisterande og utvida akvakulturreal, og ved å bruka kombinert føremål akvakultur/ferdsel/fiske for nye areal. Til dei nye areala er det knytt føresegner om «akseptable verknadar for samfunns-, natur- og miljøtilhøve» for å få løyve. Føremåla er valt fordi Fusa kommune har eit ønskje om å leggja til rette for, og stimulera til ny teknologi (til dømes lukka anlegg). Dette kan ein gjera dersom søknad om produksjonsløyve syner at ein kan oppnå akseptable verknadar for samfunns-, natur- og miljøtilhøve. Om tilfredstillande tilhøve ikkje kan oppnåast skal områda nyttast til fiske eller ferdsel.

### Akvakultur i Samnanger kommune sin arealplan:

Vår eigen arealplan har følgjande område for eksisterande og nye område for akvakultur:

#### Eksisterande anlegg

| Plankart id | Stad                 | Spesifisering formål   |
|-------------|----------------------|--|
| A           | Nygård/Steinastykket | Oppdrett av alle typar fiskeslag og skaldyr i sjø og på land |
| A           | Sagen                | Settefiskanlegg på land                                      |
| A           | Sagen                | Oppdrett av alle typar fiskeslag og skaldyr i sjø            |

#### Framtidige anlegg

| Plankart id | Stad                 | Spesifisering formål  |
|-------------|----------------------|---|
| A01         | Sagen                | Settefiskanlegg på land (utviding av eksisterande område)   |
| A02         | Djupedalen           | Område som kan nyttast som alternativ lokalitet for å kunna flytta eksisterande anlegg m/ fortøyingar. Formålet er å optimalisera driftsforhold og taka omsyn til miljø.              |
| A03         | Nygård/Steinastykket | Utviding av eksisterande område Nygård/Steinastykket i sjø - for å kunne flytte eksisterande anlegg m/ fortøyingar. Formålet er å optimalisere driftsforhold og taka omsyn til miljø. |
| A04         | Hetlevika            | Oppdrett av alle typar fiskeslag og skaldyr i sjø   |

Det første området, A01, er ei lita utviding av landarealet på Sagen. A02 er ein ny lokalitet, men kan berre nyttast til å flytta eksisterande anlegg frå andre sida av fjorden. A03 er ei utviding av eksisterande areal, for å flytta/justera eksisterande anlegg med føremål å «optimalisera driftsforhold og taka omsyn til miljø». A04 er eit nytt område, men det har ikkje blitt teke i bruk/søkt om produksjonsløyve der. Kommuneplanens arealdel inneheld ingen spesifikke føresegner som stiller strengare miljøkrav enn sentrale akvakulturmyndigheiter gjer. Dette er noko me burde vurdere ved neste rullering av arealplanen vår.

### I det følgjande er tekst frå Fusa kommune si saksutgreiing teke med for å belysa innhaldet i planen:

#### Planomtale

Planomtalen gjev greie for status kring lokalitetar og løyver i dag, samt for kommunen sin rolle og for sakshandsamingsrutinar. Det er synt til ei rekke relevante lover og forskrifter som grunnlag for sjølve planarbeidet – men dette er òg relevant som rettleiing og kunnskapsgrunnlag for framtidig sakshandsaming.

Dagens situasjon i fjordsystemet er beskrive utfyllande for naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturminne, samt for sjøferdsel/ankring og forsvaret. Ein femner til dømes mykje breiare enn kommunegrensa når ein beskriv situasjonen for anadrom fisk i fjordsystemet og i vassdraga, og ein syner mellom anna til tilhøve i Oselva og Tysseelva. Størsteparten av skipstrafikken er knytt til passasjertrafikk, stykkgoods, ro-ro-last og bulkskip. Noko er knytt til ulike akvakulturaktivitetar og containerskip. Akvakultur i Fusa kommune og fjordsystemet er beskrive på side 23 i planomtalen, saman med illustrerande kart. Det er relativt høg produksjonstettleik innafor ein del av vassførekomstane i fjordsystemet. Det vert gjennomført regelmessige undersøkingar kring

akvakulturlokalitetar( MOM-undersøkingar) – og 12/13 har «god / meget god» klassifisering – medan ein har «meget dårleg». sjå KU.

Næringa har signalisert at dei ikkje har behov for større strukturelle endringar i kommunen, eller at dei har konkrete planar om produksjon av nye artar eller ny teknologi - ut over testing av lukka anlegg og liknande. Planen opnar for justeringar av eksisterande anlegg , og dette kan vera naudsynt av ulike årsaker, td. miljøomsyn, fiskevelferd og botn- og straumtilhøve. Alle lokalitetar med eksisterande drift er regulert til einbruk akvakultur i planen.

Dei areala som er regulert til fremtidig akvakultur er lagt med kombinert arealføremål, for å synleggjere at områda er utan anlegg i dag, og for å gjere merksam på at områda ikkje er eigna for tradisjonelle opne merdanlegg.

### **Miljøkrav**

Det er gjort ein vurdering av behov for å sette særskilte miljøkrav. Etter ein gjennomgang av dette i planomtalen har ein kome fram til at det ikkje er særskilte tilhøve som peiker mot at det et naudsynt å vedta strengare føringar i Fusa kommune enn det nasjonale føringar allereie gjer. Sjå side 34 i planomtalen for detaljar kring dette.

### **Endringar frå KPA 2015 (2006)**

I gjeldande arealdel er det 25 godkjente akvakultur lokalitetar. Ikkje alle desse er aktuelle for bruk, og per oktober 2018 er det 13 godkjente lokalitetar i sjø (matfisk/stamfisk), der 5/13 ligg på dispensasjon. I planframlegget er alle dei 13 lokalitetane tilrådd igjennom KU og føreslege regulert til «akvakultur», og i tillegg er det vidareført fem areal som det ikkje er produksjon på i dag, desse er lagt ut med kombinert føremål «akvakultur/fiske/ferdsel». Tre innspel om nye område til akvakultur er ikkje tilrådd igjennom KU, og er heller ikkje føreslege regulert til akvakultur. Totalarealet sett av til akvakultur er redusert frå 7,4 km<sup>2</sup> til 5,8 km<sup>2</sup>, der 2,5 km<sup>2</sup> kan utnyttast jamfør BYA (sjå illustrerande kart side 5 i KU).

Planen legg i hovudsak til rette for å vidareutvikla dagens lokalitetar, og næringa har signalisert at dei ikkje har behov for større strukturelle endringar. Planen opnar for at anlegg kan endre frå stålbur til plastringar, for justering i plasseringa innafor arealføremålet, samt framleis utnytting av dagens produksjonsløyve (MTB).

### **Medverknad**

Etter at planprogrammet vart vedteke inviterte kommunen innbyggjarane, næringa og interesseorganisasjonar til å koma med innspel for arealbruk. Alle innspel til arealbruk i saka er konsekvensutgreidd. Det har vore gjennomført fleire arbeidsmøte i planprosessen, både med høyringsinstansane, interesseorganisasjonar og med næringa – samt ope folkemøte der ein har gitt informasjon til innbyggjarane om plan og prosess. Lokalpolitikarane har vore orientert om planarbeidet undervegs.

Det har undervegs i arbeidet med planframlegget kome inn ytringar frå innbyggjarar kring AK-lokalitetar. Til dømes for lokaliteten på Børøy (ikkje tilrådd i planen), og Skrubbo( tilrådd i planen). Administrasjonen har forsøkt å gje svar på desse henvendingane undervegs i prosessen, men det er likevel først no vi har noko handfast og syne til. Rådmannen forstår på dialogen som har vore at ein ikkje ønskjer akvakultur på dei to lokalitetane. Planen vert lagt fram nøytralt slik den er tilrådd igjennom KU og ROS. Dersom politikarane ønskjer endringar i planframlegget så kan dei til dømes stilla vilkår når dei fattar vedtak om høyring. Etter at høyringa er gjennomført vert alle innspela til saka vurdert, kommentert og samla i eit skjema som vert lagt ved saka til 2.gongshandsaming/ godkjenning.

### **Fleire AK-område men mindre totalareal**

Fleire areal som var sett av til akvakultur i førre kommuneplan er justert ned, endra eller fjerna i denne føreliggjande planen, sjå tabell på side 86 i KU. Nokre av areala er vurdert til å ikkje lenger vera aktuelle for drift. Sjå side 37 i planomtalen for tabellar over areal som er teke ut eller vidareført – samt individuell grunngjeving. Det er lagt inn 5 nye område i planen, dette er lokalitetar som ligg på dispensasjon, og som ein etter positiv tilråding i KU og ROS har føreslege som permanente lokalitetar. Akvakulturområde frå KPA 2015 nord på Altanaset er delt i to: VA1 og VA2, og dette gjev ein ekstra lokalitet på lista under. VA1 er ikkje eit nytt

AK-område, medan VA2 er delvis i strid med KPA 2015 og reknast som nytt i denne planen. Det er likevel betydeleg mindre totalareal som er satt av til akvakultur i denne planen samanlikna med den førre.

Nye område til einbruk AK:

- VA11 – Lyngsnes ( ligg på dispensasjon)
- VA10 – Skrubbio ( ligg på dispensasjon)
- VA 8 – Håvikvågen (ligg på dispensasjon)
- VA 7 – Skotholmen ( ligg på dispensasjon)
- VA 2 – Altanaset (ligg på dispensasjon, delvis i strid med KPA, del av større område som vert redusert)
- VA 1 - Matland ( i tråd med KPA, men del av større område som vert redusert)

### **Akvakultur kombinert med fiske eller ferdsel**

Ytterlegare fem lokalitetar er lagt inn med «kombinert føremål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone». Føremåla er valt fordi kommunen har eit ønske om å leggja til rette for, og stimulera til ny teknologi (til dømes lukka anlegg). Dette kan ein gjere dersom søknad om produksjonsløyve syner at ein kan oppnå akseptable verknadar for samfunns-, natur-, og miljøtilhøve. Om tilfredstillande tilhøve ikkje kan oppnåast skal områda nyttast til fiske eller ferdsel. Dette er gjeldande for følgjande område:

- VKA3 – Samnøy (AK – ferdsel)
- VKA4 – Matland (AK – fiske)
- VKA5 – Eikelandsfjorden / Bolaks (AK – ferdsel)
- VKA6 – Håvik ( AK – fiske)
- VKA7 – Skiftesnes (AK – ferdsel)

Alle lokalitetane ligg innafor eksisterande akvakulturområde, men får no endra frå einbruk til kombinert. Nokre av lokalitetane ligg nært andre lokalitetar(VKA7), eller i tilknytning til eksisterande (VKA5) eller mogeleg framtidige(VKA3) anlegg på land. Det er ikkje sett BYA for desse fem lokalitetane. Kommunen stiller seg soleis open til kva type anlegg som kan etablerast – så lenge søkjar kan dokumentera akseptable verknadar for samfunns-, natur-, og miljøtilhøve. Det er ikkje lagt omsynssone for fortøyingar og ankring kring desse områda, og dette må løysast innafor føremålet.